



VEDTEKTER

Kvinnherad kommune sine barnehagar

1. EIGARTILHØVE

Kvinnherad kommune er ansvarleg for drifta av dei barnehagane som er omfatta av desse vedtektena. Barnehagane er administrativt knytt til kommunedirektøren. Dagleg ansvar for drifta er delegert til barnehagestyrar/einingsleiar i den einskilde barnehage.

2. FØREMÅL

Barnehagelova § 1:

Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrifheit, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforsketrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering.

Barnehagane skal drivast i samsvar med barnehagelova med tilhøyrande forskrifter og retningslinjer, kommunale vedtak og årsplan for den einskilde barnehagen.

3. LEIKE- OG OPPHALDSAREAL

Norm for netto leike- og opphaldsareal er 4 m² per barn i alderen 3-6 år og 5,4 m² per barn i alderen 0-3 år. Inkludert i omgrepet netto leike- og opphaldsareal er opphaltsrom, garderobe for barn, leikerom og terapirom. Utearealet bør vera om lag seks gonger så stort som leike- og opphaldsarealet inne.

4. DRIFTSFORM

Kommunale barnehagar gjev tilbod om heildagsplass 60 – 100%.

Barn i alderen 0 – 2 år kan ha plass 40%.

Barn i alderen 2 – 6 år kan ha plass 60%.

Barnehage med færre enn tre barn, vert ikkje oppretthalde. For dei minste utkantbarnehagane vert det gjort halvårlege vurderingar med omsyn til framtidige barnetal.

5. BARNEHAGEÅR

Barnehageåret er frå og med 15.august til og med 14.august.

6. OPNINGSTID

Barnehagane har opningstid inntil 10 timer dagleg (måndag – fredag).

Informasjon om kvar einskild barnehage si opningstid ligg på heimesida til barnehagane, [her](#)

Barnehagane er stengt helge- og høgtidsdagar, samt jul- og nyttårsaftan. Onsdag før skjærtorsdag stenger barnehagane kl.12.

Barnehagane har avtalefesta 37,5 timer/5 dagar i året til fagdagar, jf. barnehage- og skuleruta. Barnehagane er då stengt.

7. TILVENNING

Når barnet byrjar i barnehagen, må føresette vera saman med barnet i tilvenningsfasen, etter avtale mellom barnehage og føresette.

8. FERIE

Barna skal ha minimum 4 veker ferie i løpet av året, og 3 av desse må vera samanhengande mellom 15.06 til 14.08.

Fråvere grunna sjukdom vert ikkje rekna som ferie.

Barnehagane har ulike ordningar med ferie:

Stengt fire veker: Hatlestrand – Ølve – Varaldsøy – Åkra.

Stengt to veker mellom 15.06 og 14.08, eller anna ferieavvikling innan økonomiske rammer: Omvikdalen – Uskedalen – Bringedalsbygda – Sunde – Undarheim – Myrane.

Innan november kvart år skal styrar i samråd med foreldreråd og samarbeidsutval avgjera kva veker barnehagen skal vera stengt. Foreldre må innan 15.mars gje skriftleg melding om barnet sin sommarferie.

9. SAMARBEIDSUTVAL

Kvar barnehage skal ha eit samarbeidsutval, jf. barnehagelova § 4. Samarbeidsutvalet er eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ.

Samarbeidsutvalet/SU skal vera sett saman av foreldre/føresette og tilsette slik at kvar gruppe er likt representert. SU konstituerer seg sjølv.

Utvalet har til vanleg 2 representantar for foreldra og 2 representantar for dei tilsette.

Kommunen som eigar har 1 representant.

Små barnehagar kan ha 1 representant for foreldre og 1 representant for tilsette.

Barnehage som er organisert i eining under oppvekstsenter, kan ha samarbeidsutval i lag med skulen, jf. barnehagelova § 5 og opplæringslova § 11.

Utvalet har 2 representantar for foreldra, 2 representantar for tilsette, 2 representantar for elevar og rektor/styrar. Kommunen som eigar skal ha 1 representant i utvalet.

Foreldre og tilsette sine representantar vert valde for barnehageåret. Kommunen sin representant vert vald for den kommunale valperioden. Barnehagestyrrar er sekretær for samarbeidsutvalet, med møte-, tale- og forslagsrett.

Medlemmene har teieplikt etter forvaltningslova § 13.

10. FORELDRERÅD

Kvar barnehage skal ha eit foreldreråd, jf. barnehagelova § 4. Foreldrerådet omfattar foreldre/føresette til alle barn i barnehagen. Dei kan velja eit arbeidsutval/FAU, som gjerne kan vera identisk med foreldrerepresentantar i samarbeidsutvalet. Foreldrerådet skal fremja felles interesser og bidra til at samarbeidet mellom foreldregruppa og barnehagen skapar eit godt barnehagemiljø.

11. FORELDREBETALING

Kvinnherad kommunestyre fastset satsar for foreldrebetaling og betaling for måltid. Satsar for foreldrebetaling ligg på maksimalpris som er fastsett av regjeringa.

- Det er betaling for 11 månader. Juli er betalingsfrei
- Oppstart før 15.august: full månadsbetaling
- Oppstart etter 15.august: $\frac{1}{2}$ månadsbetaling

Barnehagar som vert stengt grunna uventa hendingar eller streik: det vert gjeve avkorting frå 1. dag, slik at ingen betalar for dagar då tilbodet er stengt.

Moderasjonsordningar

Kvinnherad kommune har ordningar med moderasjon i foreldrebetaling for barnehageplass:

1. Søskenmoderasjon: 30% moderasjon for 2. barn og 50 % moderasjon for 3. eller fleire barn.

2. Redusert betaling: ingen hushald skal betala meir enn 6 % av skattepliktig inntekt for barnehageplass.

Gratis kjernetid for 2, 3-, 4- og 5-åringar og barn med utsett skulestart. Inntektsgrense er fastsett av regjeringa. Ordninga er søknadsbasert.

12. BARNEHAGEOPPTAK

Kvinnherad kommune har samordna opptak for kommunale og private barnehagar.

Kvinnherad kommune har eitt hovudopptak for barnehageplass med oppstart 15.august.

Dersom det er ledig kapasitet, tilbyr barnehagane plass utanom hovudopptaket.

Søkjrar vert sett på venteliste etter fødselsdato.

- Søknad om endra barnehageplass: frist 1.februar.
- Søknad om ny barnehageplass/hovudopptak: frist 15.februar.

RETNINGSLINJER FOR OPPTAK – KOMMUNALE BARNEHAGAR

Oppakskrets

Barn busett i Kvinnherad kommune har rett til barnehageplass i kommunen dersom det er søkt om plass innan frist for hovudopptak, og barnet har fylt eitt år innan utgangen av november same år.

Oppaksperiode

Barnet får behalda plassen til det byrjar på skulen eller til plassen vert sagt opp.

Generelt

For barn med lovfesta rett til barnehageplass etter barnehagelova § 16, er det inga nedre aldersgrense for barnehageplass.

Barn som har rett til prioritet etter § 18, har førerett til barnehageplass før barn som har rett til barnehageplass etter § 16.

Ved opptak blir det teke omsyn til samansetjinga av barnegruppa og dei fysiske tilhøva i barnehagen.

Prioritet ved opptak

1. Barn med nedsett funksjonsevne, jf. barnehagelova § 18.

Krav til dokumentasjon: skriftleg sakkunnig uttale frå t.d. PP-tenesta, lege.

Barn som det er fatta vedtak om etter lov om barnevernstenester §§ 4-12 og 4-4 andre og fjerde ledd, jf. barnehagelova § 18.

Krav til dokumentasjon: skriftleg vedtak frå barnevernstenesta.

2. Barn med rett til barnehageplass, jf. barnehagelova § 16.

Barn som er busette i Kvinnherad kommune og som fyller eitt år i september, oktober eller november det året det vert søkt om barnehageplass, har rett til plass frå den månaden dei fyller eitt år. Føresetnad er at det er søkt innan utlyst frist.

Eldste barn vert prioritert først.

3. Barnet har ei tilråding frå lege, helsestasjon eller pedagogisk psykologisk tenestekontor/PPT.

4. Det er sjukdom eller andre store belastningar i familien.

5. Søskenprioritet til barn som har barnehageplass i same barnehage.

6. Minoritetsspråklege barn som treng støtte til integrering i lokalsamfunnet.

13. PERMISJON FRÅ BARNEHAGEPLASS

Søknad om permisjon frå barnehageplass skal sendast til Kvinnherad kommune. Om søknaden vert innvilga, vil normalt vera avhengig om barnehagen klarer å fylla opp plassen som blir ledig. Barnet må ha byrja i barnehagen for at det kan bli aktuelt med permisjon. Vedtak i søknad om permisjon er eit enkeltvedtak etter forvaltningslova, og søker har klagerett.

14. OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS

Kommunale barnehagar har gjensidig oppseiingsfrist på 1 månad. Oppseiinga skal vera skriftleg. Oppseiingstid vert rekna frå den 1. i komande månad etter oppseiing. Det vert fakturert for oppseiingsmånaden.

15. TILSYN – INTERNKONTROLL

Kvinnherad kommune fører tilsyn med barnehagane etter barnehagelova §§ 10 og 53.

Barnehagane skal retta seg etter krav som er fastsette i Forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skoler.

Kvar barnehage skal ha internkontrollsysteem som dokumenterer at helse, miljø og tryggleik er ivareteke, jf § 9 i barnehagelova.

16. HELSE og FORSIKRING

Før barnet byrjar i barnehagen, skal det leggjast fram erklæring om barnet si helse. Dersom barnet har møtt til ordinære undersøkingar på helsestasjon, kan slik erklæring gjevast av barnets føresette, jf. barnehagelova § 50.

Kvinnherad kommune har ansvars- og ulykkesforsikring i den tida barnet er i barnehagen, på veg til og frå barnehagen, og med utflukter i barnehagen si regi.

Sjuke barn skal ikkje møta i barnehagen.

17. TEIEPLIKT

Tilsette i barnehagane og administrasjonen har teieplikt i høve opplysningar som dei i kraft av stillinga vert kjende med, jf. barnehagelova § 44.

18. OPPLYSNINGSPLIKT

Tilsette i barnehagane har opplysningsplikt til sosialtenesta og den kommunale helse- og omsorgstenesta. Opplysningar kan berre gjevast etter samtykke frå føresette eller så langt opplysningane kan gjevast utan å bryta teieplikta. Tilsette har, utan å vera hindra av teieplikta, opplysningsplikt til barnevernstenesta, jf. barnehagelova § 46.

19. POLITIATTEST

Dei som arbeider i barnehage, skal leggja fram politiattest, jf. barnehagelova § 30.

20. ENDRING AV VEDTEKTENE

Kvinnherad kommune som barnehageeigar skal fastsetja vedtekter for kommunale barnehagar. Endringar i vedtekten skal gjerast av kommunestyret. Vedtekten skal stetta kravet til vedtekter, jf barnehagelova § 8